

Hanen og katten

– ei forteljing frå Litauen





Det var ein gong, djupt inne i ein stor skog i Litauen. I eit lite trehus budde det ein katt og ein hane. Dei var bestevenner og passa godt på kvarandre.



Ein dag skulle katten ut på jakt, og sa til hanen: «Ikkje opne døra for nokon, i alle fall ikkje for reven!» Hanen lova dette.



Katten drog av stad, og hanen gjekk og la seg: «zzzz».



«Bank, bank!» Hanen skvatt!



Han gikk til døra og
spurde: «Kven er det?»
«Det er meg, reven! Ver
så snill, opne opp
døra?!» Men hanen
hugsa kva katten hadde
sagt og opna ikkje opp.
«Ver så snill, eg frys»,
gret reven og skalv.
«Stakkars reven»,
tenkte hanen og opna
døra.



Då hoppa reven på hanen, tok han i potane og sprang mot huset sitt.



«Hjelp, hjelp! Pusekatt! Hjelp!» skreik hanen.



Katten var ikkje så langt unna og hørde at hanen ropte. Då sprang katten alt ho kunne.



Ho fann reven, og reiv den stakkars hanen laus frå potane til reven.



Reven sprang vekk så fort han kunne, og forsvann langt inn i skogen.

«Kvifor hørde du ikkje på meg?!» spurde katten sint. Hanen sa unnskyld og lova, kross på halsen, å aldri meir opne døra for reven.



Ein annan dag skulle katten ut på jakt igjen. På nytt bad ho hanen om å ikkje opne døra for nokon, og det lova hanen. ¹²



«Bank, bank!» «Kven er det som bankar på døra?» spurde hanen. Igjen var det reven som ville inn. Igjen tok reven til å gråte, og igjen opna hanen døra.



Igjen fanga reven hanen og sprang av garde, og igjen ropte hanen: «Hjelp, hjelp!» Men denne gongen var katten langt unna og hørde ikkje at hanen ropte.



Dermed tok reven hanen og sprang heim til ungane sine og låste hanen inn i ei bu.



Om kvelden, då katten kom heim, såg ho at
døra sto oppe.



Huset var rotete, og fjør frå hanen låg strødde overalt. «Reven!» sa katten sint og beit tennene saman.

Katten viste klørne sine. Ho tok fram eit balltre og tok på seg gummistøvlar.



...og tok til å gå med raske steg gjennom skogen.



Ho gjekk og gjekk, heilt til ho kom fram til hiet til reven.



Inne i hiet, bak gitteret i
bua, sat hanen. Han var
redd og såg reveungane
som dansa rundt gryta
med kokande vatn.

«Hanesuppe! Hurra,
hurra!» ropte dei og
kunne ikkje vente til
reven skulle lage suppe
med hanekjøt til dei.



Brått braut nokon døra opp med eit balltre! Det var katten som brasa inn i hiet og jaga både reven og reveungane.



Dei sprang forskrekka kvar til sin kant og forsvann inn i skogen.



Då tok katten fram
balltreet igjen og
knuste døra til bua,
så hanen vart sleppt
fri. Så gjekk dei
heim i lag.



Sidan den dagen er det ingen som har sett reven og ungane. Reven torde aldri meir å kome i nærleiken av heimen til katten og hanen.



Snipp snapp snute, så er eventyret ute.



Illustratør: Svetlana Voronkova

Se flere fortellinger på morsmal.no